

Utanrettsleg gjeldsordning

Før du kan søkje gjeldsordning hos namsmannen, bør du på eiga hand ha forsøkt å få til ei utanrettsleg gjeldsordning. Ordninga må omfatte **alle** kreditorane.

Har du behov for hjelp med å utforme eit forslag til løysing, kan du ta kontakt med økonomirådgivaren i kommunen. Kommunen har så langt det er mulig plikt til å hjelpe ein skyldnar som prøver å komme fram til ei utanrettsleg gjeldsordning med kreditorane sine, jf. gjeldsordningslova § 1-5.

Forslaget bør innehalde:

- Opplysningar om livssituasjonen din (helsetilstand, sivilstand, barn o.a.)
- Opplysningar om framtidsutsiktene dine med tanke på å betale gjelda
- Oversikt over inntekter (lønns-/trygdeinntekter, barnetrygd, barnebidrag, pensjon o.a.)
- Oversikt over utgifter (husleige, utgifter til livsopphald, barnebidrag, SFO o.a.)
- Oversikt over totalgjelda (talet på kreditorar og storleiken på gjelda)
- Avklaring av om du har overskot i økonomien din. I ein foreslått periode skal eit eventuelt overskot fordelast mellom kreditorane etter storleiken på kravet. Har du ikkje overskot i økonomien, kan forslaget til dømes gå ut på at kreditorane slettar krava etter ein foreslått periode.
- Oppgåve om kor lenge avtalen skal gjelde (start- og sluttdato)

Saman med forslaget bør det følgje dokumentasjon på inntekter og utgifter.

Søknad til namsmannen

Om du ikkje har lykkast i å få til ein utanrettsleg avtale med kreditorane dine, eller kan gjere greie for kvifor eit slikt forsøk ikkje er gjennomført, kan du søkje om gjeldsordning gjennom namsmannen. Utfylt søknadsskjema må sendast namsmannskontoret med følgjande vedlegg:

- Dokumentasjon på at du sjølv har prøvd å komme fram til ei ordning med kreditorane, eller ei utgreiing for kvifor eit slikt forsøk ikkje har vert gjennomført
- Kopi av sjølvmelding / utskrift av likninga for dei tre siste åra for både deg og eventuell ektefelle/sambuar
- Kopi av lønns- og/eller andre utbetalingar for dei tre siste månadene for både deg og eventuell ektefelle/sambuar
- Ei kort utgreiing om situasjonen din og korleis han har oppstått
- Ei oversikt over gjelda – bruk det vedlagde skjemaet
- Dokumentasjon på buutgifter. Relevant dokumentasjon kan vere kopi av husleigekontrakt, dokumentasjon på brannforsikring, kommunale avgifter, fellesutgifter og renter og avdrag på pantesikra gjeld
- Oversikt over utgifter til barnepass, bidragsplikter eller medisinutgifter dersom du har slike utgifter

Treng du hjelp til å fylle ut søknadsskjemaet, står namsmannen til teneste med det. Eventuelle spørsmål kan rettast til kontoret vårt.